



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteinkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Fjæra, Etne

Dato: 06.12.2023

Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 35/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 36/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 37/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - ynskje om støttebrev - reautorisering besøkssenter - Folgefonsenteret	2023/16345	
ST 38/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad med oppmoding om utbetaling av tilskot - bru Vatnastøl - Enes Elveeigarlag	2023/17083	
ST 39/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad fleirårig løyve - motorferdsel - Statkraft AS	2023/15249	
ST 40/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Valestrand beitesforening	2023/17709	
ST 41/23	Saksframlegg - søknad om drift- og tiltaksmidler for 2024 - Folgefonna nasjonalparkstyre	2023/17925	
ST 42/23	Referatsaker		
RS 18/23	Uttale Folgefonna nasjonalparkstyre - Ullensvang - søknad - 51/5 - 1 Holmaskjær-DNT Odda - ny stålpipe	2023/15936	
ST 43/23	Delegerte saker		
DS 7/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Ænesdalen - motorferdsel med ATV - Per Magne Enes	2021/13019	
DS 8/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - droneflyging - tilsyn med sau - Guddalsdalen sankegruppe	2023/14748	
DS 9/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Snøskuter - Sandvinstølene via Grønsdalsstølen - Lasse Riise	2023/9335	
DS 10/23	Delegert vedtak- Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - snøskuter - turisthytta Holmaskjer - Odda/Ullensvang turlag	2023/18047	
DS 11/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - vindskader - Fonnabu - DNT	2023/16215	
DS 12/23	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad om å hogge ved - Hjortedalen - Valestrand beiteslag	2023/17676	

**ST 35/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 36/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2023/16345-0

Sakshandsamar: Øystein Wallevik

Dato: 29.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	37/23	06.12.2023

Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - ynskje om støttebrev - reautorisering besøkssenter - Folgefonsenteret

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre støttar Besøkssenteret for Folgefonna nasjonalpark si søknad om reautorisering som besøkssenter for Folgefonna nasjonalpark.

Besøkssenteret er eit særskilt viktig knutepunkt for informasjon og formidling knytt til verneverdiar i nasjonalparken og for turistnæringa som heilheit. Forholda ligg også godt til rette for ei vidareutvikling av samarbeid mellom forvaltningsmynda og besøkssenteret grunna samlokalisering og felles interesser.

Saksopplysningar

Knytt til flere av nasjonalparkene i Norge er det etablert nasjonalparksentre i regi av miljødirektoratet. Kvart femte år må desse sentra igjennom ein reautorisering for å sikre at sentra oppfyller krava som setjast for autorisasjon som eit besøkssenter. Hovudmåla med opprettninga av slike sentre har vore at alle, uavhengig av bakgrunn og funksjonsevne, skal få informasjon om naturen og kulturen i dei respektive områda, samt at sentra skal vere godt forankra i sine lokalsamfunn og bidra til lokal, berekraftig verdiskaping. Sentra skal mellom anna inspirere til å ville lære om, besøke og oppleve natur og kulturmiljø gjennom å vere ein naturleg treffstad for lokalbefolkinga samtidig som det skal bidra til eit berekraftig reiseliv i sin region.

Av konkrete mål besøkssenteret har satt seg finn ein blant anna eit mål om å ivareta, sikra, og utvikla innfallsportar, besøksmål og prosjekt frå verdiskapingsprogrammet for naturarven. Dei ynskjer også å medverke til god dialog og felles forståing mellom innbyggjarane rundt

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



nasjonalparken og forvaltninga. Dei vil medverka til å kanalisere ferdsel samt fremja eit enkelt friluftsliv. Blant måla finn ein også eit ynskje om å stimulera for interesse for natur og leggja til rette for positive naturopplevingar, samtidig som dei vil auke folks kunnskap og forståing for nasjonalparken sin samfunnsmessige verdi og viktigheten av å verna sårbare artar og naturtypar. Senteret følgjer også opp mål frå besøksstrategien frå regionen der eit av måla blant anna er å gjøre reiselivet og besøkjande meir medvitne om verneområda. Dette følgjast opp kvar gong reisande vitjar besøksenteret. I tillegg jobbar senteret heile året med å skape stoltheit og begeistring for verneområda hjå lokal busetting og lokale bedrifter.

Folgefonsenteret er i dag kontorstad for Statens Naturoppsyn i Rosendal, samt for Havforskningsinstituttet og Bjerknessenteret for klimaforskning. I tillegg har den lokale forvaltningsmynda sin arbeidsplass på bygget i form av to nasjonalparkforvaltere. På toppen av dette har senteret også ein eigen ansatt naturvegleiar. Dette er med på å styrke Folgefonsenteret som eit naturleg knutepunkt for naturvegleiing i regionen. Slik har senteret eit veldig godt grunnlag for å kunne utvikle seg vidare med gode samarbeidsrelasjonar og tilgang på kompetanse.

Vurdering

Vi står ovenfor ein global natur- og klimakrise og kunnskap og forståing for våre naturverdiar er stadig viktigare. Besøkscenteret nyttegjer seg av forskningsresultat frå anerkjende forskningsinstitusjonar som også er forankra lokalt og formidlar dette via både familiearrangementer, forskarkaféar og i undervisningsopplegg til grunnskulen. Undervisningsopplegget er heller ikkje tilfeldig, men er basert på fleire av verneformåla i nasjonalparken. Denne formidlinga er særskilt verdfull kombinert med at dei fokuserar på å gjøre folk meir medvitne om verneområda og verdiane som ligg der. Slik kan ein få stimulert til interesse for natur, men også for vern. Dette er eit særskilt godt utgangspunkt for å kunne samkjøre formidling og lokal forvaltning. Besøkscenteret er også med på å fremje merkevaren «Norges nasjonalparker» noko som også er positivt for å skape eit heilheitleg inntrykk av samarbeidet mellom formidling og forvaltning.

Besøkscenteret for Folgefonna nasjonalpark har i dag utstillingar, aktivitetstilbod og fasilitetar retta både mot lokalbefolkning, skular samt norske og utanlandske turistar. Rosendal er ein populær startplass for turisttrafikken i området, og som innfallsport til dei vestlege verneområdene, ser forvaltar det som naturleg med ein reautorisering av besøkscenteret for Folgefonna nasjonalpark.

Samarbeid med nasjonalparkforvaltninga er eit viktig kriterium for å verte autorisert besøkscenter for nasjonalparkar. Forholda ligg godt til rette for å skape eit endå nærmare samarbeid mellom nasjonalparkforvaltninga og besøkscenteret i Rosendal, då nasjonalparkforvaltarane er lokalisert på Folgefonsenteret ilag med besøkscenteret. Fleire av områda rundt Folgefonna nasjonalpark har opplevd ei enorm pågang av besøkjande dei siste åra, og prognosane seier at besøkstala ikkje vil minke dei neste åra. Dette er med på å auke viktigheten av å ha eit lokalt forankra knutepunkt for å kunne informere besøkjande og kanalisere dei til ulike innfallsporter til nasjonalparken på ein god måte. I så måte har besøkscenteret for Folgefonna nasjonalpark ei viktig rolle å spele i framtida. Difor er det viktig at besøkscenteret for Folgefonna nasjonalpark blir reautorisert som eit besøkscenter med årleg bevilling for å følge opp kunnskapsformidlinga knyttta til verneområda og bidra i besøksforvaltninga.



Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Arkivsaksnr: 2023/17083-0

Sakshandsamar: Øystein Wallevik

Dato: 29.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	38/23	06.12.2023

Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad med oppmoding om utbetaling av tilskot - bru Vatnastøl - Enes Elveeigarlag

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre fullfinansierer ikkje tiltaket med bruva som vart ferdigstilt i 2019 ved Vatnastøl i Ænesdalen i Folgefonna nasjonalpark. Eventuell stønad vil likne stønad som har vorte gitt til forsterking eller reparasjon av bruer i verneområda tidlegare år, og vil basere seg på midlar som står att ved slutten av året. Eventuelle midlar skal nyttast til vedlikehald av bruene som ligg i Ænesdalen landskapsvernområde. Ligg det ikkje midlar att ved utgangen av 2023 reknast saka som avslutta utan stønad.

Saksopplysningar

Enes Elveeigarlag søkte i 2018 om å få bygge ei bru ved Vatnastølsvatnet innerst i Ænesdalen i Folgefonna nasjonalpark (sjå Figur.1 i saka). Tiltaket vart vedteken etter §3 1.3 e) i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, og bruva stod ferdig i 2019. Bakgrunnen for tiltaket var at fleire ras førte med seg massar som endra dynamikken i elva, noko som gjorde det farefullt å krysse ved normal eller større vassføring. Dette tiltaket har vore noko både grunneigarar, hjortejegarar, elvefiskarar og turgårar har hatt god nytte av i etterkant av ferdigstillinga (sjå Figur.2 i saka).

Enes Elveeigarlag søkte, i same omgang som dei søkte om å få byggje bruva i 2018, om at Folgefonna nasjonalparkstyre skulle vere med å finansiere tiltaket. Dette vart ikkje vurdert i same omgang, og Enes Elveeigarlag sendte den 6. november 2019 eit ønske om at søknad om stønad til bruva vart handsama av forvaltningsmynda. Dette vart det purra på på ny 26. januar 2020, då med svar frå forvaltar om at ein måtte sjå på slutten av året 2020 om det var restmidlar att.

Ref. **ST 86/19** Søknader om tiltaksmidler – restaurering og vedlikehald av ferdselsvegar

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudalen



Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre – 11.12.2019:

«Vedtak

Grunna usikkerhet til kva midler som vert disponible i 2020 vil styret avvente med å legge inn nye tiltak på lista over tiltaksmidler, men ta nemnde tiltak opp til vurdering dersom det vert tilgjengelege tiltaksmidler i løpet av 2020.»

Enes Elveeigarlag v/Terje M. Enes melder at elveeigarlaget framleis ikkje har fått tilbakemelding på søknaden, og ynskjer å få ei avklaring på om dei kan få støtte frå Folgefonna nasjonalparkstyre til tiltaket med bru ved Vatnastølen.



Figur 1: Kart over bruplassering ved Vatnastøl i Ånesdalen i Folgefonna nasjonalpark



Figur 2: Bilete av ferdigstilt bru ved Vatnastøl i Ænesdalen i Folgefonna nasjonalpark

Vurdering

Basert på besøksstrategien for Folgefonna nasjonalpark med tilgrensande verneområde frå 2020 ligg Ænes og Ænesdalen landskapsvernombordet høgt oppe når det gjeld viktigkeit som innfallsport til Folgefonna nasjonalpark (4 på ein skala frå 1-5). Ein viktig strategi for å nå mål for besökande i verneområder har vore å opne for klopping over myrer samt bruer over bekker langs viktige stiar for å fremje ferdsel og hindre slitasje og sår i landskapet. Nye tal frå Statens Naturoppsyn sine ferdselsteljarar for 2023 (23.05-17.10) visar at det førebels er eit relativt lågt ferdselstrykk innover landskapsvernombordet mot nasjonalparken. Men tala (over 3000 besökande) er såpass høge at ei sårbarheitsvurdering bør framleggjast kvart 5. år basert på tiltaksplanen for verneområda. Ein kan med det argumentere for at stien innover mot nasjonalparken kan reknast som ei viktig ferdselsåre.

Ænesdalen landskapsvernombordet er lite tilrettelagt for auka ferdsel, då det ikkje er tilrettelagt med parkering med tilhøyrande sanitæranlegg. Forvaltningsmynda meiner difor at området ikkje er rusta for ein stor auke i besökande på kort tid slik ein har sett i til dømes Bondhusdalen landskapsvernombordet. Konsekvensen har vore at ein ikkje har aktivt jobba med å kanalisere ferdsel inn mot området. Likevel er Ænesdalen som nemnt ein viktig innfallsport til Folgefonna nasjonalpark, og forvaltar meiner at bygginga av bru inne ved Vatnastøl har vore eit bra tiltak basert på registrert ferdsel og av tryggleiksomsyn.

Når det gjeld finansiering av denne type tiltak er det i utgangspunktet noko forvaltningsmynda ikkje ser negativt på. Likevel må avklaring av kva for tiltak som potensielt skal finansierast skje via eit vedtak i Folgefonna nasjonalparkstyre, og vidare få godkjenning frå Miljødirektoratet. Difor kan det vere naudsynt å få ei avklaring på finansiering før ein set i



gong med tiltak, då ein ikkje er sikra å få stønad i etterkant av fullført tiltak. Med det sagt er det ikkje i forvaltningsmynda si interesse å la slike søknader om stønad stå utan avklaring, slik som har skjedd i dette høvet. Det er viktig at grunneigarar og andre interessentar rundt nasjonalparken opplever ryddige prosessar knytta til søknadar, slik at dei vert motivert til å leggje fram framtidige tiltak som treng merksemd i verneområda.

Forvaltar vurderar det til at bygginga av bruva har vore eit naudsynt sikringstiltak som forvaltningsmynda kunne vore nøydt til å prioritere seinare hadde ikkje Elveeigarlaget tatt initiativ til bygginga. Likevel er det krevjande å skulle setje av midlar i etterkant, då det stadig er nye tiltak rundt nasjonalparken som krev merksemd. For å kunne vurdere stønad er det naudsynt å få belyst kva utgifter Ænes Elveeigarlag har hatt i samband med bygging av bruva. Å skulle fullfinansiere tiltaket i år er ikkje aktuelt utan fleire detaljar knytta til kostnad, og ein eventuell stønad vil basere seg på små midlar som måtte stå att før utløpet av året.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast Folgefonna nasjonalparkstyre, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument





Arkivsaksnr: 2023/15249-0

Sakshandsamar: Øystein Wallevik

Dato: 28.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	39/23	06.12.2023

Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad fleirårig løyve - motorferdsel - Statkraft AS

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Statkraft AS fleirårig løyve, med heimel i § 3 1.2 b) 1. i Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde og § 3 6.3 i. i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, til å nytte motoriserte køyretøy i Bondhusdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet vert gitt i samband med drift og vedlikehald av Statkraft sine kraftanlegg i området samt pålagde målingar.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for fire år frå 01.01.2024 til og med 31.12.2027
- Løyvet gjeld for transport av utstyr, materiell og mannskap med helikopter, snøskuter eller bil i samband med drift og vedlikehald av Statkraft sine kraftanlegg i Bondhusdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld for naudsynt aktivitet knytta til nemnt vedlikehald og drift samt bremåling, innhenting av hydrologiske data og andre naudsynte oppgåver knytta til konsesjonar og anna lovverk
- Løyvet gjeld for følgjande lokasjoner med antall turar innvilga:
 - Helikopter til breinntaket «Vinduet». Inntil 10 turar årleg.
 - Helikopter til inntak ved Heimsta Brufossvatn. Inntil 10 turar årleg.
 - Helikopter til inntaka ved Stutatjørn. Inntil 10 turar årleg.
 - Helikopter til kanal frå Heimste Revavatn til Jukladalsvatn. 1 tur årleg.
 - Helikopter til målestasjon ved Fynderdalsvatnet. Inntil 3 turar årleg.
 - Helikopter for frontmåling av Gråfjellsbreen. 1 tur årleg.
 - Snøskuterkjøring frå Folgefonna skisenter til Juklavatn og Markjelkevatn. Inntil 4 turar årleg.
 - Helikopter til Blådalsvatnet. Er veret därleg nyttast snøskuter via Holmaskjær. 1 tur årleg.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



- Bil til Bondhusvatnet. Inntil 10 turar årleg.


- Dersom mogleg skal Statkraft vitje fleire lokasjonar i same fyking for å halde antal flygingar til eit minimum.
- Bil til Bondhusvatnet skal kun nyttast dersom det er naudsnyt for å frakte med utstyr
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Planlagt drift og vedlikehald skal haldast på eit minimum under etableringsfasen for hekking for kongeørn i februar-mars kvart år
- Før transport skal Statens Naturoppsyne ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal først køyrebook årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyrebooka før transporten begynner
- Køyrebooka skal følgje med under transporten
- Køyrebook for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år**. Merk med referanse: 2023/15249. Send gjerne på e-post til: sfvpst@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområda ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette. Søkjar er pliktig til sjølv å skaffe naudsnyt løyve frå kommune og grunneigarar.


Saksopplysningar

Statkraft søker om landingsløyve for helikopter samt køyreløyve for snøskuter i Folgefonna nasjonalpark og Bondhusdalen landskapsvernområde. Dette vert skildra som naudsnyt i samband med drift og vedlikehald av kraftanlegga deira i området. Dei ynskjer å gjennomføre diverse arbeid på desse installasjonane med tilgong via motorisert ferdsel:


- Breinntaket «Vinduet» i Folgefonna nasjonalpark – 6-10 turar årleg - Helikopter
- Inntak Brufossvatna i Bondhusdalen LVO like ved Folgefonna NP – 6-10 turar årleg – Helikopter
- Inntak Stutatjørn i Bondhusdalen LVO – 6-10 turar årleg – Helikopter
- Kanal Heimste Revavatn til Jukladalsvatn like ved Folgefonna nasjonalpark – 1 tur årleg – Helikopter
- Målestasjon hydrologiske data Fynderdalsvatnet i Folgefonna nasjonalpark – 2-3 gangar årleg - Helikopter
- Gråfjellsbreen i Folgefonna nasjonalpark - frontmåling av bre – 1 tur årleg – Helikopter
- Folgefonna skisenter over Folgefonna nasjonalpark til Juklavatn og Markjelkevatn – 3-4 turar årleg – Snøskuterkjøring
- Markjelke til Blådalsvatnet lukehus via Holmaskjær – 1 gong kvar sesong – Helikopter/snøskuter dersom det ikkje er vær for helikopter
- Bondhusvatnet diverse gjeremål – 8-10 turar årleg – Bil




Figur 1: Kanalen frå Heimste Revavatn til Jukladalsvatn like nord for Folgefonna nasjonalpark.



Figur 2: Frontmåling av bre ved Gråfjellsbrea i Folgefonna nasjonalpark.



Figur 3: Ulike lokasjoner for drift, vedlikehald og målingar hjå Statkraft AS. Frå venstre mot høgre: Fynderdalsvatnet målestasjon, Bondhusvatnet, breinntaket "Vinduet", inntak ved Heimsta Brufossvatn, Inntak ved Stutatjørn (2stk).



Figur 4: Snøskuterruta frå Folgefonna skisenter til Juklavatn og Markjelkevatn via Juklavassbreen og Botnabreen. Statkraft har også naudsynt arbeid ved Blådalsvatnet med sannsynleg tilkomst via helikopter. Alternativt nyttast snøskuter via Holmaskjær.



Installasjonane til Statkraft er pålagt periodisk tilsyn gjennom året. Her gjeld løpende vedlikehold samt arbeid ved uforutsette feil og hendingar. Det trengs kontroll av overvåkingsutstyr med feilrettningar for å sørge for at ein ikkje står utan naudsynt overvåking av anlegga. Fiskeundersøkingar med potensiell utsetjing utførast også, ilag med bremålingar på strategiske plassar etter lov- og forskriftsreguleringa for området. Miljø og sikkerhet følgjast også opp vha. damsikkerheitsforskrifta med omsyn på 3. person. Det kan også vere naudsynt med større vedlikehaldsprosjekt på installasjonane.

Statkraft legg til at tid for fyking avhenger av tilstandsbehov og værforutsetninga, og alt av transport handlar om behov knytta til kontinuerleg og optimal drift av anlegga. Dersom mogleg vil fleire lokasjonar vitjast på same fyking, og antal flygingar vil haldast på eit minimum for å redusere kostnadar samt minimere miljøbelastninga.

Lovheimel

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark, samt Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Etter §3 punkt 6.1 i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark står det:

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter

Etter punkt 6.3 kan forvaltningsstyremakta gi løyve til:

- i. *Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg, jf. § 3 punkt 1.2.b. nr. 1 og 3.*

Etter §3 punkt 5.1 i Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde står det:

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter

I §3 1.2 b) 1. står det derimot:

«Reglane i punkt 1.1 om inngrep i landskapet er ikkje til hinder for:»

- b) 1. *Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport må skje i samsvar med lov om motorferdsel § 4 e.*

Med andre ord er det potensielt åpna for å nytte motoriserte køyretøy til drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg i Bondhusdalen landskapsvernområde.

Vidare står det i §4 e. i motorferdselloven:

«Uten hinder av §3 (i motorferdselloven) er motorferdsel tillatt i forbindelse med:»



e. anlegg og drift av offentlige veger og anlegg

Sidan det er Statkraft AS som søker og som har staten som eineeigar går desse anlegga innunder definisjonen som offentlege anlegg.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsela har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Gjennom ulike konsesjonar har Statkraft AS fleire ulike anlegg og installasjonar knytta til kraftproduksjon i og rundt Folgefonna nasjonalpark. I den samanheng har Statkraft eit særskild ansvar for å sørge for ei effektiv og trygg drift etter lov- og forskriftsreguleringar, og forvaltar har forståing for at motorisert ferdsel må nyttast for å få utført diverse pålagde oppgåver. Frakt av utstyr, material og mannskap så høgt til fjells er krevjande, og det er forholdsmessig å nytte motoriserte køyretøy som helikopter og snøskuter til dette formålet. Bil kan nyttast opp til Bondhusvatnet dersom ein treng å ta med utstyr det er uforholdsmessig å ta med til fots.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla (databasane er sist sjekka 23.11.2023). Det kan vere sårbare artar som hekker i området, og kongeørn er observert i hekketida. Kongeørna har store revir, som kan innehalde fleire reirplassar dei skiftar mellom ulike år. Særleg i etableringsfasen frå februar og utover mars månad er ørna meir sårbar for forstyrningar. Forvaltninga ynskjer difor at planlagt drift og vedlikehald vert halden på eit minimum i denne perioden. Men det er sjølv sagt forståing for at det kan dukke opp uforutsette feil eller hendingar knytta til kraftanlegga.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor ei føremon at Statkraft held talet på turar så lågt som råd er. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å köyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Det er vanskeleg å setje eit tal på turar som vert gjennomført kvart år, då mange av turane vil vere naudsynt til drift på anlegg i Bondhusdalen landskapsvernområde og difor ikkje treng løye.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Motorferdsla i området vil verte auka i perioden med vedlikehald. Bondhusdalen er eit område med stor aktivitet av besökande heile sommarsesongen. Fleire hundre menneske tek turen dagleg innover dalen. Desse kan verte uroa av helikopterstøy og motorferdsel. Turistvegen over Folgefonna går opp Gardshammarvegen og forbi Botnavatnet og det



arbeidet som er her kan vere synleg for besøkande. Det er viktig at Statkraft informerer tilstrekkeleg om kva arbeid dei held på med og kvifor. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har køyrebok som skal fyllast ut før kvar tur. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvalningslova § 28. Klagen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Arkivsaksnr: 2023/17709-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	40/23	06.12.2023

Saksframlegg - bygging av vedbod - Valestrand beitesforening

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar kan sjå behovet for å bygge ei ved/sikringsbod knytt til hovudhuset i Hjortedalen i Folgefonna nasjonalpark, men vurderer storleiken på tiltaket som unødvendig stort med det føremålet som er skildra. Forvaltar er innstilt på avslag basert på dei ytre måla gjeve opp i søknaden.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om bygging av ved/sikringsbod, motteken 23.11.2013
- Dokumentasjon på beitebruk/husdyrhald frå 14.11.2023
- Ettersendt bilde av hovedhuset og boda, motteken 30.11.2023

Søknad frå Valestrand Beitesforening v/Jofrid Valen:

«Valestrand Beitesforening søker om løyve til å bygge ved/sikringsbod ved hovudhuset i Hjortedalen, Mosnes 13 98/1. Bygget blir laga for å auke sikkerheita til dei bøndene og turgåarane som nyttar Hjortedalen, noko som er særskilt naudsynt. I dag er det lagra gass, bensin, lampeolje, aggregat og motorsag i hovudhuset. Dette er ikkje ideelt med tanke på brann. Me treng også noko lagringsplass til ved. Boda vil også kunne nyttast til ei sikringsbod dersom brann oppstår i hovudhuset. No har me inga plass me kan vere dersom det oppstår brann og det er om lag 3 timer å gå ned til sjøen og vidare over fjorden. Bygget blir oppført i same stil som hovudhuset. Grindverkskonstruksjon blir nytta. Einaste kontakt med fjell er fire stk sylesko som er bort ned tidlegare med 16mm bor. Bygget kan fjernast utan avtrykk i naturen og ein vil då ikkje vise at bygget har stått der. Konstruksjonen er luftig med tanke på at ved skal tørkast. Takvinkel er den same som på hovudhuset. Taket blir av bølgeblikk,

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernombude	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



også det same materiale som er nytta på hovudhuset. Det er ingen vindauge i bygget, berre ei enkel dør. Måla på bygget er 4m x 4,4m med ei mønehøgde på 3m, på sideveggane er høgda på 1,4m. Bygget står om lag 10 meter frå hovudhuset. Kledninga er ikkje impregnert og me nyttar tjærulin beis i same farge som hovudhuset.»

Tidspunkt for bygging: Bygginga starta dette året, men vart stansa etter meldt søknadsplikt og er tenkt fullført i løpet av sommarhalvåret 2024.




Figur 1. Boda slik den står i dag. Arbeidet vart starta tidlegare i år, men er no satt på vent.
Ytre mål: 4 meter x 4,4 meter med ei mønehøgde på 3 meter, sideveggar med ei høgde på 1,4 meter



Figur 2. Hovudhuset i Hjortedalen (Våningshus).



Figur 2. Bilde av boda ved siden av hovedhuset.



Figur 3. Plassering av boda (raud markør) i forhold til hovedhuset i Hjortedalen.



Lovheimel

Saka gjeld oppføring av bygningar i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Som utgangspunkt er Folgefonna nasjonalpark verna mot alle byggetiltak. Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark opnar likevel opp for slike tiltak i samband med husdyrnæring (Jf. §3, punkt 1.3 c):

«1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.»

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark gir følgjande føringer:

«Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, jf. pkt. 1.3 d i vernereglane.

Forvaltningsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materialar og utforming»

«Ved søknad om løyve til å føre opp bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, også gjenreising av stølshus etter pkt. 1.3 c i vernereglane, skal det følge med landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket trengst.»

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot alle byggetiltak. Det er opning i forskrifter om å søkje om oppføring av bygningar i samband med husdyrhald. I desse tilhøve stilles det krav til landbruksfagleg dokumentasjon, og løyve til slike tiltak bør ha ein restriktiv praksis.

Søkjar har lagt ved dokumentasjon på landbruksdrift i området dette året (2023). Det er seks aktive brukarar i beitelandet som til saman har 189 sau og 255 lam på beitet. Brukarane held jamleg tilsyn med beitet gjennom sommaren og hausten. Dei bidrar òg til å halde stiane inne i nasjonalparken ved like, gjennom enkle skjøtselstiltak. Hovudhuset ligg vanskeleg tilgjengeleg der ein fyrst må nytte båt over fjorden og gå ca. 6 km inn dalen (tre timer ein veg, i følgje søker).

Forvaltaren kan sjå behovet for å bygge ei ved-/sikringsbod ved hovudhuset i Hjortedalen. Ei slik bod vil kunne gje lagringsplass for ved, bensin, lampeolje, aggregat og motorsag og anna utstyr som er naudsynt for å oppretthalde drifta og ha tilsyn med sauene. Sauedrifta i Mosnesdalen kan vere positivt for verneverdiene, da det hindrar attgroing. Forvaltaren ser òg at det er fornuftig å halde boda skild frå hovudhuset med tanke på brannfare.



Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. Tiltaket er vurdert til å vere av et slikt omfang at det ikkje vil ha nemneverdige verknader på dyre- og fugleliv. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade bygginga (databasane er sist sjekka 30.11.2023). Området ligg relativt utilgjengeleg, og det er få besøkande i denne delen av nasjonalparken.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsatt for. Bygging av boda vil ikkje ha nemneverdige verknader for naturmiljøet. Den samla belastninga i området er vurdert som avgrensa.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Det fysiske inngrepene i terrenget er minimalt, og omfattar fire søylesko som blir bora ned i grunnen med eit 16 mm bor. Plasseringa av boda er i nærleik til hovudhuset, det vart ikkje bygd murar og bygninga vil kunne fjernast utan store spor i terrenget.

Naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) og §11 (kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar) er vurdert, men ikkje funne relevant i denne saka.

Forvaltaren har vurdert risikoene for presedens, og anser byggetiltaket i denne samanhengen for å ha eit tydeleg føremål som kan grunngjenvært i forskrifta/forvaltningsplanen. Bygginga av boda, slik det er skildra i søknaden, vert vurdert som naudsynt for å oppretthalde drifta i området, og ser ikkje ut til å vere tilpassa andre føremål enn dei som er nemnde i søknaden. Boda vil vere utan vindauge og bygd i same stil som hovudhuset, og vil dermed passe godt inn i landskapet. Likevel er forvaltaren kritisk til storleiken på boda ut frå dei ytre måla som er oppgjevne i søknaden. Med ei planlagd flate på om lag 17 m² (4m x 4,4m) og ei mønehøgd på 3 meter, vil boda ha tilstrekkeleg lagringskapasitet. Forvaltaren ser ikkje behovet for denne storleiken på ei ved-/sikringsbod og meiner den bør ha mindre dimensjonar.





Arkivsaksnr: 2023/17925-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	41/23	06.12.2023

Saksframlegg - søknad om drift- og tiltaksmidlar for 2024 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Bakgrunn

Miljødirektoratet nyttar eit elektronisk søknadssenter til innmelding av behov for driftsmidlar, tiltaksmidlar og midlar til kartlegging og planarbeid for nasjonalparkstyra. Fristen for å melde inn er 10. januar 2024 og forvaltar melder inn på bakgrunn av budsjett og planar vedteke av nasjonalparkstyret. Nytt av året er at vi og skal nytte ei løysing som heiter Naturopdrag der vi kan legge inn tiltak, følgje dei opp og tinge tenester fra SNO.

Miljødirektoratet har i år lagt fram forslag til ei fast grunnstøtte for alle nasjonalpark- og verneområdestyr som ein kan nytte der det er behov for vedlikehald og løpende drift. Folgefonna nasjonalparkstyre ligg ann til å få 100 000,- i grunnstøtte kvart år. Denne tildelinga er *ikke* endeleg vedteke i statsbudsjettet.

Dokument i saka

- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024, Miljødirektoratet

Tiltaksmidlar for 2024

Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda oppretthaldast eller vert betra. Tiltak som betrar tilstanden vert prioritert i tildeling av tiltaksmidler, jf retningslinjer frå miljødirektoratet «*Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder*».

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernombude	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



Ved fordeling av midlar til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gjer størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motvirke negativ påverknad prioriterast. Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidlar (sjå vedlegg):

«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltning som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.).».*

Rammer i planar

Tiltaka bør bygge på forvaltningsplan eller besøksstrategi. Forvaltningsplanen fra 2011 viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følgje opp i planperioden. Revidering av forvaltningsplanen er i oppstart, men det er ein del kartleggingstiltak og skjøtselstiltak som ikkje er gjennomførte enno.

Prioritering av tiltak

Retningslinjene frå miljødirektoratet (sjå vedlegg) viser til at direkte trugsmål som til dømes spreiing av framande artar skal prioriterast, i tillegg til pågåande skjøtselstiltak og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og alle tiltaka skal ha ei unik prioritering. Forvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei.

I tillegg til å søke om tiltaksmidlar til tiltak so kan verneområdestyret og bestille tenester frå Statens naturoppsyn.

Pri.	Tiltak	Skildring	Midlar
	Opprusting av sti fra Pyttelva til Nædstasetret i Bondhusdalen	Kartlagt behov for restaureringstiltak i 2023. Vil avklare med Statkraft om delfinansiering.	700 000
	Uttak av granfelt ved Myrdalsvatnet	Var satt opp som tiltak i år, men ikkje gjennomført. Konkurransegrunnlag er sendt ut og vi ventar på tilbod frå skogentrepreneur med frist 20. desember 2023.	1 500 000
	Kartlegge innfallsportar og skilt/informasjon kring verneområda	Samarbeid med besøkssenteret om å kartlegge dagens innfallsportar/infopunkt. Viktig grunnlag for framtidige tiltak.	100 000



	Prosjektere innfallsportar Bondhus og Buer	Innfallsportar med høgt ferdselstrykk. Utdaterte/slitte infotavler. Kommunen arbeider med plan som vil gi føringar for innfallsport i Bondhus. Vi ynskjer å samkøyre arbeidet/prosjekteringen med begge innfallsportane.	100 000
	Løpande vedlikehald av stinett og innfallsportar	Som etterspurt av miljødirektoratet	100 000
	Kulturminnekartlegging	Forankra i forvalningsplanen. Naudsynt med tanke på revidering	50 000
	Kartlegging og sårbarhetsvurdering av kvartærgeologiske førekommstar	Forankra i forvalningsplanen. Naudsynt med tanke på revidering	100 000
		Sum	2 550 000

På tiltaksposten søker vi også om **ferdselsteljarar**. Det er om lag 100 teljarar som Miljødirektoratet har til disposisjon på landsbasis og vi søker om teljarar og SNO-kapasitet til å setje opp og drifta teljarar.

Myrdalsvatnet	Her har det aldri vært teljarar tidlegare, men vegen inn til Myrdalsvatnet har høgt trykk med gåande og syklande. Det er òg bilar og bobilars som slepp inn gjennom betalt bomveg (her kan ein be om oversikt over tal på bilar neste sesong).	1-2 stk
Møsevatnet	<p>Stien inn til Svelgabreen er skilta og merka og mykje brukt etter kva vi kan sjå på sosiale medier og STRAVA-kart. Det er behov for ein teljar her for å sjå om besökstala er på eit nivå som krev betre tilrettelegging og meir behov for sikringstiltak ved Svelgabreen.</p> <p>Vegen opp til Møsevatnet er drifta av SKL og det er mykje besøk her i sommarhalvåret. Veldig liten P-plass og trang plass til både besøk, kommersiell aktivitet og oppsyn med kraftanlegget. Har behov for ein bilteljar her.</p>	3 stk
Buer	Høgt ferdselstrykk. Førre teljing vart gjort i 2018. Vi manglar tal lenger inn dalen.	1-2 stk

Driftsmidlar for 2024

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventa kostnadars som kan vere grunnlag for den søknaden. For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Da er det fleire moment nedanfor som styre bør ta stilling til.

Styremøte

Ifølgje vedtekten bør styret tre saman minst fire gonger i året. Det vanlege er derfor å legge fire styremøter til grunn for budsjettet, men dette kan variere avhengig av saksmengde. Knytt



til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnadar og kostnadar til lokale og servering på møta.

Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret.

Representantane her har krav på å få dekka reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle.

Normalt sett har vi eitt møte i utvalet kvart år. I samband med revidering av forvaltningsplan eller anna planarbeid kan det vere aktuelt med fleire møte i utvalet.

Kompetanseprogram

Det vert arrangert kompetanseprogram for nye styre i 2024. Vi må ta høgde for kostnadar til samlinga i budsjettet. Dei som deltek har krav på å få dekka reise, opphold og møtegodtgjersle. Både faste representantar og vararepresentantar vert invitert.

Driftsbudsjett:

Møtegodtgjersle Folgefonna nasjonalparkstyre	60 800
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	26 816
Kompetanseprogram	65 920
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	8 000
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre	161 536
Reiseutgifter for rådgivande utval	6 000
Møtekostnader rådgjevande utval	5 000
Sum Rådgjevande utval	11 000
Møtekostnader revidering av forvaltningsplan	30 000
Sum driftsutgifter	202 536

Personalressurs knytt til planarbeid

Det vart dette året oppretta ein ekstra personalressurs knytt til arbeidet med revidering av Forvaltningsplanen. Vi ønskjer å søkje om midlar til denne prosjektstillinga med full årsverknad for 2024. Vi reknar **1 000 000,-** (inkl. løn, pensjon, reise, administrative kostnadar) til stillinga.



ST 42/23 Referatsaker



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Folgefonna nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Folgefonna senteret
Skålafjæro 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5557 2026
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

Ullensvang kommune
Opheimsgt. 31
5750 Odda

Sakshandsamar Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/15936-0 432.3

Dykker ref.

Dato 23.10.2023

Uttale Folgefonna nasjonalparkstyre - Ullensvang - søknad - 51/5 - 1 Holmaskjær-DNT Odda - ny ståpipe

Folgefonna nasjonalparkstyre merkar seg utgreiinga (redegjørelse) frå søknad 51/5 - 1 om ny ståpipe på DNT hytta på Holmaskjer:

«REDEGJØRELSE:

Eksisterende ståpipe mangler godkjenning og må byttest.

Eksisterende plassering beholdes og utvendig utforming blir ikkje endra på»

Frå Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 1.1 står det:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar, andre varige eller mellombelte innretningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving, utfylling og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrelagging, nydyrkning, bakkeplanering, nyplanting, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruver og klopper, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistingen er ikkje uttømmande.

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a. Vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

Frå forvaltningsplanen står det:

For å gjennomføre tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storlek, må det søkjast om løyve, jf. pkt. 1.3 a. i vernereglane.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudaalen



Utifrå utgreiinga i søknaden og gjennom telefonsamtalar med Håvard Apold i Odda/Ullensvang Turlag, meiner forvaltar på bakgrunn av gjevne opplysningar at dette tiltaket bør reknast som vedlikehald av eksisterande innretningar. Dette gjer at tiltaket ikkje er søknadspliktig ovanfor forvaltningsmynda. Forvaltar vil likevel understreke at endringar på fasaden vil vere søknadspliktig, og eventuelle endringar i utsjånad, form og storleik frå den opprinnelege pipa vil kunne reknast som brot på Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark.

Ullensvang kommune står no fritt til å handsame søknaden vidare etter plan og bygningslova. Skulle det derimot dukke opp nye opplysingar om endringar frå opphaveleg søknad som kan føre til endringar i utsjånad, form eller storleik på tiltaket, ynskjer Nasjonalparkstyret at Ullensvang kommune understrek søknadsplikta søkjar då får til forvaltningsmynda.

Med helsing

Øystein Wallevik
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



ST 43/23 Delegerte saker



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Per Magne Enes
Kleivo 16
5475 Ænes

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2021/13019-0 432.3

Dykker ref. NWQCEE Dato 27.10.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Ænesdalen - motorferdsel med ATV - Per Magne Enes

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 e, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Per Magne Enes løyve til bruk av ATV for uttransport av felt hjort i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil fire turar t/r i tidsrommet 27.10.2023 - 23.12.2023
- Løyvet gjeld ATV transport av felt storvilt på strekninga vist i kartet nedanfor
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrerekke årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrerekka før transporten begynner
- Køyrerekka skal følgje med under transporten
- Køyrerekka for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2021/13019. Send gjerne på e-post til: fmvpost@statsforvalteren.no


Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette

Søknaden

Per Magne Enes søker om løyve til motorferdsel i Ænesdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark i samband med uttransport av felt hjort. Transporten vil gå føre seg



med ATV fra Nyskreda i Hestabotnen og ut til Ænessetra. Tidsrommet det søker om er fra søknaden innvilga og fram til 23.12. Det er søkt om 5 turar t/r. Sjå strekning i kartet.



Lovheimel

Søknaden gjeld motorferdsel i Ænesdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter:

- *Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde*
- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*
- *Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark*
- *Naturmangfaldlova*

I Ænesdalen landskapsvernområde er det opna for uttransport av felt hjortevilt utan at det er søknadspliktig, jf. pkt. 5.2 d) i vernereglane. Motorferdsel på bakken vil her berre vere tillate på eksisterande vegar og traktorvegar.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter». Det er likevel opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyremaakta kan gje løyve til:

- e) *Motorferdsel for uttransport av felt storvilt*

Forvaltingsplanen for Folgefonna nasjonalpark set følgjande føringar til motorferdsel for uttransport av felt storvilt:



«det må gjerast ei konkret vurdering opp mot mål i bestandsplanar, og om dyra like gjerne kan fellast annan stad i valdet, utanfor nasjonalparken. Ved bakketransport må faren for terrengslitasje vurderast. Eit eventuelt løyve kan uansett ikkje nyttast før etter at dyret er felt... Det skal førast ein restriktiv praksis på å gje løyve motorferdsel til uttransport av felt storvilt. Det skal setjast vilkår om tal på turar og tidspunkt for motorferdsla.»

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Her skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å nytte ATV for å transportere ut felt hjort i Folgefonna nasjonalpark i dei tilfella ein ikkje kan nå felte dyr på anna måte. Det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. I Ænesdalen landskapsvernområde er det opna for motorferdsel for å frakte ut hjort, så lenge ein nyttar eksisterande traktorvegar. I både 2021 og 2022 vart det gitt løyve til søkjær om inntil fire turar, medan to turar vart nytta. I år søker det om 5 turar, men forvaltar legg til grunn at det skal vere ein restriktiv praksis på tal turar og har difor gitt løyve på fire turar, noko som samsvarar med tidlegare løyver. Om søker ønskjer fleire turar på sikt kan behovet dokumenterast etter føringane i forvaltingsplanen.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av ATV i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er to aktuelle transportformer som begge er skånsame for terrenget, men har andre verknader på miljøet. ATV kan føre til slitasje på vegetasjon der det nyttast, men er i dette tilfellet eigna da det ikkje er vinterføre og transportstrekningen er relativt kort. Det er ein føresetnad at ein nyttar eksisterande trasear så godt det let seg gjere.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å flyging i helger og på heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.



Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har ei køyrebokordning, køyreboka skal leverast etter avslutta sesong, **seinast 31. desember.**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
SNO Rosendal			
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålefjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Ørjan Solheim

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/14748-0 432.3

Dykker ref.

Dato 06.10.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - droneflyging - tilsyn med sau - Guddalsdalen sankegruppe

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Dokument i saka

Søknaden

Søknaden er vurdert i samsvar med

Verneforskrift og verneformål

Vurdering

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter



Dokumentet er elektronisk godkjent



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Lasse Riise
Sandvin
5750 ODDA

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/9335-0 432.3

Dykker ref.

Dato 09.10.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak

12/2023

Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Snøskuter - Sandvinstølene via Grønsdalsstølen - Lasse Riise

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 f., gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Lasse Riise Handeland fleirårig løyve til bruk av snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.01 – 01.05 kvart år frå og med 2024 til og med 2027
- Løyvet gjeld for transport av proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for transportør Lasse Riise Handeland
- Løyvet gjeld for strekninga Espeland til Sandvinstølen og Grønsdalsstølen (sjå kart i saka)
- Tal turar: 15 t/r kvart år
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebook årleg som viser dato, kørererute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebooka før transporten byrjar
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2023/9335. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.



Søknaden

Lasse Riise Handeland har søkt om løyve til bruk av snøskuter i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet skal nyttast til transport av materiell til vedlikehald av stølshus, til veding, proviant og utstyr i samband med husdyrhald. Søkjar har sidan 2016 leigd stølshus og beiterett i området, og treng løyve for strekninga Espeland via Grøndalsstølen til Sandvindstølane (sjå kart i saka). Ein støl ligg inn mot Vierdal, mens den andre ved Lauvås. Det søker om eit fleirårig løyve med ønskje om inntil 20 turar per år.



Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

- f. Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med hytter og stølshus i området, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terrenget.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av snøskuter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 09.10.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Folgefonna nasjonalparkstyre oppfordrar derfor, om mogleg, til samordning av rute med andre løyer for denne typen nyttetransport for å avgrense den motoriserte ferdsla i nasjonalparken.

Søkjar ønskjer 20 turar per år grunna ekstra mykje vedlikehald som må tas opp att etter at små barn har komme inn i biletet. Søkjar har derfor ikkje fått nytta tidlegare løyve like effektivt som ønska. Det er grunnlag for å gje løyve men det skal vera ein restriktiv praksis for å opne for motorisert ferdsel. Det er forvaltar si vurdering at 15 turar pr år bør vera nok for naudsynt transport av proviant, ved og utstyr til vedlikehald i tillegg til å køyre opp spor.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune SNO Rosendal Statsforvaltaren i Vestland	Opheims gt. 31 Njøsavegen 2	5750 6863	ODDA LEIKANGER
---	--------------------------------	--------------	-------------------



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafljæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Odda - Ullensvang turlag
Svarthammarlia 46a
5470 Rosendal

Saksbehandlar Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/18047-0 432.3

Dykkar ref. VCDLPM

Dato 01.12.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak

24/2023

Delegert vedtak- Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - snøskuter - turisthytta Holmaskjer - Odda/Ullensvang turlag

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 g. gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag fleirårig løyve til bruk av helikopter og snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.01.2024 - 31.12.2027
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr i samband med drift og vedlikehald av turisthytta på Holmaskjer i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld for inntil 4 turar med 4 hiv kvart år med helikopter frå anten Markjelke eller Odda trafikkstasjon til Holmaskjer turisthytte
- Løyvet for helikopter gjeld ikkje persontransport
- I etableringsfasen for kongeørn i februar-mars skal ein halde helikopterbruk til eit minimum
- Løyvet gjeld for inntil 8 turar med to snøskutere som kører saman frå Espeland eller Markjelke til Holmaskjer. Desse skal følgje same spor så godt det lar seg gjere.
- For snøskuterbruk skal kun desse skuterane med tilknytta førar nyttast:
 - Reg.nr. XW3432 med førar Håvard Reinsnos Apold
 - Reg.nr. KC9286 med førar Aleksander Reinsnos Apold
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrerekkefølge som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar




enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner

- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år.** Merk køyreboka med referanse: 2023/18047. Send gjerne på e-post til: folgefonna@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjør merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

Søknaden

Odda/Ullensvang turlag søker om langtidsløye, frå 01.01.2024 til 31.12.2027, til motorisert ferdsl i Folgefonna nasjonalpark. I søknaden skriv dei at motorferdsla er naudsynt for drift og vedlikehald av turisthytta på Holmaskjer, og dei skriv at motorferdsla skal nyttast til å frakte ved og proviant. Den motoriserte ferdsla skal gå frå anten Markjelke eller Espeland til Holmaskjer. Helikopter fykast anten frå Odda trafikkstasjon eller frå Markjelke. Snøskuter nyttast anten frå Markjelke eller Espeland avhengig av brøyteforhold. Dei søker om 4 turar med helikopter (Airlift/Fonnafly) med 4 landingar, samt 8 turar med to snøskutere på kvar tur. Søkar skriv at Folgefonna nasjonalpark er svært værhardt, og at det er naudsynt med to snøskutere skulle ein av snøskuterane havarere.





Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsla etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

- f. *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av materiale, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*
- g. *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.*

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må verte vurdert opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å nytte motorisert transport til drift, vedlikehald og transport av ved og proviant ved turisthytta på Holmaskjer i Folgefonna nasjonalpark. Hytta ligg høgt inne på breen, mange timer innover i fjellheimen, og det forvaltar ser det av denne grunn som forholdsmessig å gje løyve til dette føremålet. Det er opna for å gje løyve til drift av turisthytter frå Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, og forvaltar ser det som naudsynt med noko motorisert ferdsla i samband med drift av hytta, anten det er vedlikehald eller transport av ved og proviant. Turisthytta er populær, og forvaltar ser det som sannsynleg at behovet for motorferdsle vil vere tilsvarende dei neste åra, og opnar difor for å gje eit fleirårig løyve.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla (databasane er sist sjekka 01.12.2023). Forvaltinga har registrert kongeørn i området i hekketida, og det er ynskjeleg at bruk av helikopter vert halden på eit minimum i den mest sårbarer etableringsfasen i februar-mars.



I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Sidan det skal nyttast to skutere av sikkerhetshensyn ber forvaltar om at skutarane nyttar same sporet slik at ein ikkje påverkar unødig naturareal.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikter med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heldagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Forvaltar kjenner til at Odda/Ullensvang turlag har søkt om å byggje ei sikringshytte ved Holmaskjer noko som vil medføre auka motorferdsle, og skulle dei få godkjenning ynskjer forvaltningsmynda at ein samlar turar så godt som råd.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Opheimsgr. 31
Njøsavegen 2
5750
6863
ODDA
LEIKANGER



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Bergen og Hordaland Turlag v/ Johnny Bjørge

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/16215-0 432.3

Dykker ref.

Dato 27.10.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak

20/2023

Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - motoferdsel - helikopter - vindskader - Fonnabu - DNT

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 6.3 f. gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bergen og Hordaland turlag v/Johnny Bjørge løyve til bruk av helikopter for transport av naudsynte materialer og handverkarar for å rydde opp rundt hytta på Fonnabu, frakte ut skrot, samt gjøre naudsynte reparasjonar som gjer hytta klar for å møte vinteren.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld i tidsrommet 27.10 til og med 03.11.2023
- Løyvet gjeld for eit maksimalt antall av to turar med to hiv
- Persontransport skal haldast til eit minimum
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebook som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebooka før transporten begynner
- Køyrebooka skal følge med under transporten ilag med løyvet
- Køyrebook for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2023/16215. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette. Naudsynt løyve må også skaffast frå eventuelle grunneigarar.



Søknaden

Bergen og Hordaland turlag søkjer ved Johnny Bjørge per telefon om å få fly helikopter til hytta på Fonnabu i Folgefonna nasjonalpark så snart som overhodet mogleg. Den siste tida har det vore sterke vindkast i området, med opp mot 55 m/s målt på laurdag 21.10.23 på Røldalsfjellet, og denne vinden har også råka DNT hytta på Fonnabu. Vinden har blant anna røska ut fleire nye vindauge i hytta, og rive solcellepanel frå hytteveggen. Material og utstyr ligg strødd i området, og hytta står ganske sårbart til for augeblinken. Bjørge ber derfor om løyve til å fyke med helikopter for å få frakta opp naudsynt materiale og arbeidspersonell for å få gjort opprydding og reparasjonar raskt slik at hytta klar for vinteren og for å unngå vidare skadar på hytta.



Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at:

«*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.*

Frå same paragraf punkt 6.3 f. står det:

6.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

f. «*Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av materiale, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.*



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å nytte helikopter til reparasjonar i eit slikt høve. Hytta står svært sårbart til utan vindauge, og sjølv om været for augeblinken er fint, snur det fort i fjellet og eit eventuelt uvær med nedbør kan føra til vesentlege skader på hytta. Forvaltar ser også at det er svært lite praktisk å nytte anna enn helikopter til frakt av material såpass høgt til fjells, når behovet for reparasjonar er såpass akutt, samt for å få frakta ut skrot som ligg igjen frå uværet. Forvaltar vurderar det også som naudsynt å få handverkarar på plass så raskt som mogleg, og opnar difor for persontransport i dette høvet.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 27.10.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Grunna utfordrande terrenget, samt behovet for å få reparert så fort som mogleg, er det helikopter som er mest høveleg.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. I dette tilfellet er det vurdert som naudsynt å opne for fyking i helg, då hytta må sikrast så snart som mogleg. Bergen og Hordaland turlag har fått løyve til to turar med maksimalt to hiv.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til



Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Rosendalsvegen 10
Njøsavegen 2

5470
6863

ROSENDAL
LEIKANGER



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

jofrid valen

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/17676-0 432.3

Dykker ref.

Dato 29.11.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak

23/2023

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad om å hogge ved - Hjortedalen - Valestrand beiteslag

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Valestrand beiteslag får fleirårig løyve til å hogge ved til privat bruk i Hjortedalen i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i § 3 punkt 2.3 i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld for fem år. Frå 29.11.2023 til og med 31.12.2028
- Det skal ikkje hoggast store flater
- Hogsten skal konsentrerast om bjørk, selje, gråor og framande treslag som gran, buskfuru og lerk
- Enkelttre av framande treslag som er resultat av sjølvfrøing bør fjernast og nyttast som ved om mogleg
- Alm, ask og hassel og andre varmekjære treslag skal få stå, likeins osp og hegg
- Døde tre skal stå att, og rotvelter kan fjernast dersom dei kan nyttast til ved
- Dersom ein finn elvenær gråoreskog og døde trær langs elva skal desse ikkje hoggast
- Felling av tre i hekketida bør unngås samt felling av tre som nyttast til hekking
- Er ein usikker på om eit tre bør hoggast, skal Statens Naturoppsynd ved Rune Mikkelsen konsulterast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117

Søknaden

Valestrand beiteslag v/Jofrid Valen søker om å få hogge ved til privat bruk ved huset knytta til landbruksaktivitet i Hjortedalen i Folgefonna nasjonalpark. Det skal vere naudsynt å kunne hogge ved for å halde varmen i perioden frå august til november. Beiteslaget legg til at eit



slikt løyve vil vere eit godt tiltak for å hindre attgroing av nasjonalparken, og ynskjer at det vert gitt eit fleirårig løyve.



Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er opna for å kunne gje løyve til hogst av ved i nasjonalparken til eigen bruk etter § 3 punkt 2.3 i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark:



2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til hogst av ved i nasjonalparken til eigen bruk.

Frå forvaltningsplanen står det:

«*Slik hogst kan dekkje behovet for ved til stølshus og hytter inne i nasjonalparken i tilfelle der andre løysingar vert lite føremålstenelege»*

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader tiltaket har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Frå forskriftera er det som nemnt opna for å gje løyve til hogst til privat bruk i nasjonalparken. Hjortedalen er ikkje blant dei områda som er lettast tilgjengeleg i nasjonalparken, og landbruksdrift så djupt inne i nasjonalparken er ikkje mindre krevjande. Nasjonalparkstyret er positive til landbruksdrift i og rundt nasjonalparken som kan halde kulturlandskap i hevd, og det er frå forvaltningsplanen lagt til rette for ei lite restriktiv linje når det gjeld hogst til privat bruk. Dette betyr at det er opna for fleirårige løyver, og andre løysingar enn hogst til privat bruk i Hjortedalen meiner forvaltar vert lite føremålstenelege.

Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket etter verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av bruk av motorsag til hogst (databasane er sist sjekka 27.11.2023). Forvaltinga ynskjer at hogsten vert koncentrt om framande treslag i nasjonalparken som gran, buskfuru og lerk, samt bjørk, selje eller gråor. Og at ein sparar varmekjære treslag som alm, ask og hassel samt osp og hegg. Felling i hekktida bør unngås, og ein bør ikkje felle tre ein veit vert nytta til hekking.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Bruk av motorsag til hogst fører i utgangspunktet til ei rekke ulemper som støy, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. I dette høvet er bruken av motorsag avgrensa i tid og stad og vil truleg ikkje ha stor negativ effekt. Hjortedalen ligg også slik til at det i svært liten grad vil hamne i konflikt med friluftslivet. Men skulle det dukke opp situasjonar er det ynskjeleg at Valestrand beiteslag informerer om føremålet med hogsten og at dei har fått særskild løyve frå forvaltningsmynda.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltar har vurdert samla belasting i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til



Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Etne kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Sjoarvegen 2
Njøsavegen 2

5590
6863

ETNE
LEIKANGER